



Koløyhuset har ein luftig plassering

**Tempoet vert halde oppe i Uskedalens største bustadfelt Ospelunden og Oddbjørn Kroka er godt fornøgd med prosjektet. Tomannsbustad nummer 4 skal innflyttast midt i denne månaden og tomannsbustad nummer 5 skal påbegynnast i januar eller februar. Kroka har no seld 8 av dei 10 leiligheitane i desse husa.**



[Tomannsbustad nummer 4 \(bak\) er snart ferdig](#)

Når det gjeld einebustadane er huset til Kenneth og Britt Steinsletten teke i bruk, men det er ikkje huset som ligg like ved og luftig til på den omstridte muren. Det er Geir Inge Koløy og Janne Helen Koløy som er byggherre der.

Ein einebustad er også under byggjing rett opp for tomannsbustadane og det er Jostein og Mariann Hauso som har dette prosjektet. Det er venta fullført i januar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen





Familien Hauso reiser denne bustaden